

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Utdanningsval	Kunna reflektera rundt utdanningsval i forkant av søknad til vgs.
Norsk	Emne: Tekst i kontekst - Samanlikna og tolka romanar, noveller, lyrikk og andre tekstar ut frå historisk kontekst og eiga samtid - Les skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektera over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel i tekstane
Engelsk	- Kunna bruke engelsk skriftleg og munnleg - Kunna delta i ei samtale om demokrati og medborgarskap - Kunna snakka/skrive om menneskerettar
Matematikk	Tema: Funksjonar og grafar - Finna og bestemma punkt i eit koordinatsystem - Laga enkle funksjonar og sjå samanhengen mellom graf, funksjon og tabell.
Samfunnsfag	Tema: Befolkninga i verda – demografi og migrasjon - Gjera greie for korleis levekår heng saman med dei geografiske, historiske og politiske forholda i eit land - Forklara korleis levekår kan påverka fruktbarheit og dødelegheit i verda i dag - Forklara ulike årsaker til at menneske vel å flytta
KRLE	Tema: Spor av religion - Utforska og presentera korleis element frå kristendom og andre religionar og livssyn kjem til uttrykk i medium og populærkultur - Gjera greie for og reflektera over ulike syn på kjønn og seksualitet i kristendom og andre religionar og livssyn
Naturfag	Emne: Stråling – overføring av energi og informasjon - Gjera greie for stråling som energitransport i form av bølger - Skildra likskapar og skilnader mellom eigenskapane til lyd- og lysbølger - Skildra og utforska teknologi som utnyttar stråling til å sende og ta imot informasjon
Kunst og handverk	Oppgåve: Kjøkkenreiskap - Visualisera form ved hjelp av frihandteikningar og/eller arbeidsteikningar. - Behandla og samanføya ulike materiale. - Bruka ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte. - Vurdera haldbarheita til materialet. - Presentera val frå idé til ferdig resultat i eit enkelt prosessnotat. Oppgåve: Geriljabroderi - Brodera nøyaktig etter mønster og ha ei ryddig bakside på arbeidet. - Planlegga arbeidsmengde og sørge for at du klarer å gjere det praktiske arbeidet ferdig i skuletida, i dei åtte vekene me skal jobbe med oppgåva. - Bruka reiskapar og utstyr slik ein får rettleiing om. - Laga prosessnotat kor du viser litt kunnskap om nordisk design.
Tysk	Kunna bruke tysk munnleg og skriftleg

	• Kunna snakke om ein kjend tysk person og eit tyskspråkleg land • Kunna byggje setningar på tysk og svare på spørsmål med god flyt og uttale • Kunna bruke rett kasus og verbbøying
Eng fordj	• Samtala om framtidsemne • Bruka digitale verktøy for å formidla ein bodskap
Arbeidslivsfag	• Planlegga praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag • Produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav
Kroppsøving	• Utforska eigne moglegheiter til trening, helse og velvære • Trena på og utvikla ferdigheitar i ulike rørsleaktivitetar • Nyttå eigne ferdigheitar til beste for andre, og spela andre gode. • Veke 49: Innebandy • Veke 50: Turn
Musikk	• Kunna spela 12-takters blues på instrumentet ditt saman med andre; eit band. Må gå nå mot avslutninga av prosjektet.
Kantine	• Planlegga dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter
Fys.ak.	• Øva på og gjennomføra varierte rørsleaktivitetar aleine og saman med andre. • Vera ein god lagspelar og nytta ferdigheitene sine til å spela andre gode. • Samarbeida og oppmuntra alle, og vera inkluderande. • Veke 49: Badmingtonturnering • Veke 50: ? (Elevane bestemmer)
Friluftsliv	• Sporlaus ferd i naturen
Design	• Designa og redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljøbesparende måte.
Trafikk	• Beskriva trafikken i eit historisk perspektiv og drøfta utfordringar i dag og i framtida.

INFORMASJON TIL HEIMEN

Terminprøve i matematikk

Fredag 5.desember skal trinnet ha terminprøve i matematikk. Vi bruker dette høvet til å øve på korleis det vil vere på ein ordentleg skriftleg eksamen. Faglærarane vil informere elevane godt på førehand om kva reglar og retningslinjer dei må forhalde seg til.

Informasjon julegudsteneste/adventsamling

I år er det vårt trinn som skal ha ansvar for julegudstenesta og adventssamlinga på skulen.

Tidspunktet er 17. desember kl. 10. Me vil difor bruke noko tid før dette på å trene på songar og enkelte elevar vil ha eit særleg ansvar anten til høgtlesing eller andre innslag.

Jul

Siste skuledag før jul er 19.desember. Elevane har første dag tilbake på skulen 5.januar. Me ønskjer alle ein riktig fin juleferie.

Helsing oss på 10.trinn

VURDERINGAR

Veke	Fag, innhald
49	Matematikk, fredag 5. desember: Terminprøve heile dagen.
	Engelsk fordjupning: levering av podcast tysdag 2. desember
	Musikk: Blues-framføring i grupper i musikktimen veke 49-51.
50	Tysk, munnleg vurdering. I fagtimane
	Musikk: Blues-framføring i grupper i musikktimen veke 49-51.

HEIMEARBEID VEKE 49

Utdanningsval	Samtal og reflekter saman med ein eller fleire vaksne om dine tankar kring utdanningsval, vidaregåande-søknad og konsekvensar av ulike val.
Norsk	Les i boka di i 3x20 minutt. Loggfør lesinga.
Engelsk	Ver klar til munnleg vurdering, Sirkelsamtale
Matematikk	Terminprøve i matematikk, fredag 5.12.25, heile dagen. Jobb med øveprøvene. Bruk målaraket aktivt, finn ut kva du kan og øv meir på det du ikkje kan. Begge øveprøvene ligg på OneNote. Det er fasit til begge og i tillegg er det løysningsforslag til den eine. Ta bilete av oppgåvene du har jobba med og last opp på heimearbeid veke 48. For å bli betre i matematikk, må du rekna. Stå på, me heier på dykk.
Samfunnsfag	Les desse artiklane på aunivers.no: 1. Ein modell for levkår og befolkningsutvikling 2. Migrasjon – menneske på flyttefot Du skal forklare omgrepa den demografiske overgangsmodellen og migrasjon på ON.
KRLE	Les side 306-308. Gjer oppgåve 1-4 på side 309.
Naturfag	Stråling – overføring av energi og informasjon Oppgåve 4 side 103. Rekn ut – bølgelengd, frekvens og bølgefart Skriv i skrivebok eller på iPad – OneNote. Lever bilete/tekst på ON - Heimearbeid Veke 49
Tysk	- Øv deg god på å presentere og svare på spm. Presentasjonen din må bli levert i Teams (sjå oppgåva)

	- Grammatikk + vokabular, sjå ON (Woche 49)
Eng fordj	Gjer ferdig podcasten i lag med partnaren din. Levering seinast tysdag.
Arbeidslivsfag	Elevane som har matlaging skal møte opp på Bryne VGs kl. 13:25. Her har vi eit opplegg som varer til kl. 16:00
Musikk	Sørg for at du kan spela din del av blues-framføringa, når me no skal musisera saman med dei andre instrumenta. Det blir vurdering.
Kantine	Produksjon
Friluftsliv	Avspasering for overnattingstur
Trafikk	Treng ikkje møta i klasserom.

HEIMEARBEID VEKE 50

Utdanningsval	Samtal og reflekter saman med ein eller fleire vaksne om dine tankar kring utdanningsval, vidaregåande-søknad og konsekvensar av ulike val.
Norsk	Les i boka di i 3x20 minutt. Loggfør lesinga.
Engelsk	Sjå lekse i ON
Matematikk	Funksjonar og grafar Oppgåveboka s. 52 – 57, oppg. 2.101, 2.102, 2.103, 2.104 og 2.105 Ta bilete av lekse di og last opp på heimearbeid veke 50
Samfunnsfag	Snakk med foreldre, besteforeldre eller andre slektningar og lag eit kart som viser flyttingane til familien din. Bruk eit blankt kart over Noreg eller verda til å teikne inn piler som viser kvar besteforeldre og foreldre har flytta frå og til. Viss du klarer å finne ut kvifor dei ulike familiemedlemmene har flytta, så kan du skrive dette ved sida av pilene.
KRLE	Les side 309-312 og gjer oppgåve 1-3 på side 312.
Naturfag	Stråling – overføring av energi og informasjon Oppgåve 11 side 105. Finn ut meir - ultralyd Skriv i skrivebok eller på iPad – OneNote. Lever bilete/tekst på ON - Heimearbeid Veke 49
Tysk	Munnleg vurdering i fagtimane. Me byrjar på tysdag. Ver førebudd! Presentasjonen din må bli levert i Teams (sjå oppgåva)
Arbeidslivsfag	Elevane som har matlaging skal møte hos Morten på grillkurs på torsdag.
Musikk	Sørg for at du kan spela din del av blues-framføringa, når me no skal musisera saman med dei andre instrumenta. Det blir vurdering.
Kantine	Planlegging
Friluftsliv	Avspasering for overnattingstur
Trafikk	Innlevering av prosjektet "Trafikken før, nå og i framtia" Møt i klasserom.